

1. Tverrfagleg kompetanse

1.1. Suksessfaktorar

For å få til eit godt tverrfagleg samarbeid må tilsette som jobbar med barn, unge og deira familiar ha kunnskap om følgjande:

- Kjennskap til samarbeidspartar i Luster som jobbar med barn, unge, familiar:
 1. Kommunale einingar.
 2. Andre samarbeidspartar som t.d. barnevern, NAV, tannhelsetenesta, politi.
 3. Samarbeidspartar i spesialisthelsetenesta og nasjonale kompetancesenter.
 4. Frivillige organisasjonar.
- Kjennskap til samarbeidspartar sine ansvarsområde.
- Kunnskap om friskfaktorar og risikofaktorar.

Faktorar som fremjar samarbeid:

- Tverrfaglege grupper som klarar å utveksle kunnskap og gjere seg nytte av kvarandre sin kompetanse, vil normalt få eit godt tverrfagleg samarbeid.
- Respekt for andre deltagarar sin kompetanse har same nytteverdi som eigen kompetanse
- Tillit er eit nøkkelord i tverrfagleg samarbeid. Alle arbeider med barnet sitt beste for auga. Men av og til kan det vere usemje om kva det inneber. Det er naudsynt med innsikt i kvarandre sine arbeidsfelt, metodar, lovverk og praksis/rutinar som vi nyttar. Det er òg naudsynt å vere saklege og profesjonelle i haldningane våre til andre instansar og marknadsføre dei på ein positiv måte.
- Å gje kvarandre støtte i vanskelege situasjoner.
- Der det oppstår fagleg usemje om kva som er det beste for barnet, er vi i møte med brukarane lojale mot andre samarbeidspartar sine faglege vurderingar og mot vedtekne tiltak, så lenge desse ikkje er i strid med grunnleggjande etiske retningsliner.
- Fagleg usemje bør avklarast i faglege fora.

1.2. Kompetanse

Forslag til modell for utvikling av kompetanse

Vi har sett på kva kompetanse som er viktig å få inn i organisasjonen for at det tværfaglege samarbeidet skal kunne utvikle seg best mogleg. Det handlar om å skape felles forståing for ulike problemstillingar, samstundes som kvar enkelt tilsett får heva sin eigen kompetanse. Då det vil vere ulikt kompetansebehov alt etter kvar ein jobbar i organisasjonen Luster kommune, ser vi føre oss ei **Nivå inndeling:**

1. Basiskunnskap.

- Gjeld alle tilsette. Alle tilsette som jobbar med barn, unge og familiær må ha ein viss kunnskap om tværfagleg samarbeid, kva vi skal samarbeide om og saksgangen i dette arbeidet.
- For å sikre at alle nyttilsette får kunnskap, rår vi til eit sjekkpunkt som heiter ”tværfagleg samarbeid”, i skjema for introduksjon av nyttilsett. Ansvar for informasjon om dette, samt oppfølging av temaet for alle tilsette i eigen eining, blir lagt til einingsleiar.

2. Spisskompetanse.

- Gjeld nokre utvalde i ei eining, til dømes i skular eller barnehagar, eller alle i ei eining, som til dømes fastleggar. Her må kompetansen vere større både på dei enkelte fagområda vi skal samarbeide på, også når det gjeld deltaking i tværfagleg samarbeid. Ansvar og roller må tydeleg avklarast. Det må vere klart kven skal gjere kva i samarbeidsprosessen.
Einingsleiar har ansvar for å kartleggje kompetansebehov i si eining.

3. Overordna kompetanseplan.

- Den må seie noko om kva kompetanse som finst i organisasjonen, og kva det vil vere bruk for av kompetanse i framtida. Luster kommune ved Rådmann utarbeidar årleg ein kompetanseplan.

1.3 Handling

Mål:

- Barn og familiær som treng ekstra støtte, skal møte eit samordna hjelpeapparat.

For å oppnå dette er det nødvendig med felles verdigrunnlag og rutinar hjå alle dei tilsette i dei ulike einingane. Vi må og sjå på kva moglegheiter vi har for å samarbeide, i staden for å sjå avgrensingar.

Tiltak:

- Informasjon til nyttilsette
 - eige punkt i skjema ”introduksjon av nyttilsette” som heiter tværfagleg samarbeid
 - kurs for nyttilsette årleg, der modellen «Saman om barn og unge i Luster» er tema

- Implementere eksisterande tverrfaglege rutinar i eininga/avdelinga (t.d. rutinar for Individuell plan)
- Utarbeide samarbeidsrutinar ved behov (initiere i tverrfaglege fora/møteplassar)
- Årleg evaluering av rutinar i einingane
- Felles fagdagar for alle som jobbar med barn, unge, familiær. Tema kan vere: Teieplikt, ”den vanskelege samtalens”, risikofaktorar, friskfaktorar, kva gjer vi ved bekymring m.m.
- Hospitering internt eller eksternt
- Innspel til Kompetanseplan skal kanaliserast gjennom einingsleiar. Alle tilsette kan kome med innspel til sin leiar, dette er også tema for felles drøfting i samarbeidsfora.

Arenaer for kompetanseheving:

1. Avdelingsmøte/Einingsmøte
2. Tverrfaglege samarbeidsfora:
 - FamilieForum
 - Samhandlingsgruppe/Koordinerande Eining
 - Tverrfagleg samarbeidsgruppe for «Saman om barn og unge i Luster» (SABU)
 - Leiarsamling

Desse møteplassane bør nyttast til:

- kompetansebygging, bruke kompetansen som finst internt
- å utarbeide felles strategi ved ulike problemstillingar t.d. i høve overvektsproblematikk, rusproblem hjå gravide eller småbarnsforeldre m.m.
- å informere kvarandre om våre ulike arbeidsområde og lovverk ein forheld seg til og dermed auke kjennskapen til dei andre fagfelta
- å utarbeide tverrfagleg innspel til kompetanseplan